

Innst. O. nr. 122.

Tilråding frå protokollnemnda vedkomande klage frå cand. pharm. Trygve Borch fordi han ikkje har fått tildelt løyve til å drive apotek.

Til Odelstinget.

Cand. pharm. Trygve Borch skriv den 2. juli 1954 til protokollnemnda slik:

«Jeg tillater meg herved høfligst å gjøre den ærede protokollkomité oppmerksom på en rekke forbigåelser jeg mener å ha vært utsatt for ved befordring til apotek. Det gjelder følgende apotek: Apoteket Ørnen, Gjøvik, Brandbu apotek, Sørumsand apotek hvor jeg sto som nr. 2 på den offisielle ansøkerliste med samme søker som nr. 1 til samtlige tre — også en tidligere N. S.-apoteker, samt apoteket i Mandal og Svaneapoteket i Kristiansand, hvor jeg sto som eldste ansøker, idet der dog for Svaneapotekets vedkommende sto samme søker som ovenfor nevnt som nr. 1, men som da hadde passert siste befordringsalder, der er satt til 60 år. Unntagelser er dog gjort her, idet vedkommende der overtok Vinderen apotek i 1946, var 62 år.

Undertegnede sto som medlem av Nasjonal Samling, og var under okkupasjonen tilsatt som konsulent ved Medisinaldirektoratets apotekkontor (bilag 1). Fra august 1943 til 1. juli 1946 innehadde jeg Vinderen apotek, som da ble overlatt ny innehaver.

Fra 1. juli 1946 til mai 1949 har jeg ikke hatt kontakt med apotek ute, men tjenestegjorde i 2 år ved fengselsapoteket på Ilebu og Gulskogen. Siden mai 1949 har jeg tjenestegjort ved Holmestrand apotek som provisor.

Det er en hevdet regel ved apotekbesetters at en søker kan være borte fra apotekerarbeidet inntil 5 år uten å tape i ansiennitet. I realiteten var jeg kun borte 1 år.

Da de 3 førstnevnte apotek var blitt besatt, henvendte jeg meg til Sosialdepartementet ved helsedirektør Evvang, for å få en forklaring (bilag 2). Til dags dato har jeg ikke mottatt noe svar.

Idet jeg viser til skrivelse av 26. januar d. å. fra Justisdepartementet til Norges Farmaceutiske Forening (bilag 3) samt Stortingets uttalelser under «Den brede debatt», 21. og 22. januar 1952, mener jeg å kunne påstå at jeg er forbigått ved utnevnelsen til nevnte apotek.

Særlig føler jeg meg sterkt forbigått ved besettelsen av Svaneapoteket i Kristiansand, hvor vedkommende der ble utnevnt, hadde apotekereksamen fra våren 1923, jeg tok eksamen våren 1920. For øvrig er det å bemerke at vedkommende ikke var oppført på den offisielle ansøkerliste, kunngjort i Farmaceutisk Tidsskrift.

For å fremheve at det ikke bare er en ansiennitetsmessig forbigåelse, men at det er en full diskriminering av meg som tidligere N. S.-medlem, tillater jeg meg å vedlegge en rekke attestkopier for å belyse at mine kvali-

fikasjoner som farmasøyt ikke skulle stå i veien for en befordring til apotek. En provisor har jo fullt ansvar overfor publikum og må nyte samme tillit i sitt arbeide som en apoteker.

Følgende attester vedlegges: Fra apoteker S. Svensson, Kristiansand S., datert 20 juni 1928 og januar 1938 (bilag 4), overkontrollør Hjal. Olsson m. fl., Kristiansand S., datert 11. oktober 1929 (bilag 5), stadsdyrlæge Chr. Johnsrud, Kristiansand S., datert 8. oktober 1928 (bilag 6), distriktstollinspektøren, Kristiansand S., datert 25. november 1938 (bilag 7), lege Torstein Svor, Spydeberg, datert 26. august 1946 (bilag 8), komm.revisor Odd Svarstad, Spydeberg, datert 12. september 1946 (bilag 9), frøkn. Hovelsrud og Hållmann, Holmestrand, datert 29. juni 1949 (bilag 10); lensmannen i Botne, datert 11. august 1953 (bilag 11), apoteker Gunvor Hovelsrud, Holmestrand, datert 12. juni 1954 (bilag 12).

Den for tiden pågående omlegging av apoteketaten samt drift av apotek og engroshandel faller fullt i tråd med det forslag jeg fremsatte til statsråd Støstad i 1939 (bilag 13). Samme program la jeg som konsulent i apotekkontoret frem for daværende medisinaldirektør Østrem (bilag 14 i original). Den 18. februar 1943 ble det på møte mellom daværende innenriksråd Dahl, medisinaldirektør Østrem og undertegnede vedtatt å sette ut i livet statshandel med apotekerverer engros. Meddelelse herom ble gitt byråsjef Schmidt (nu innehaver av Sagene apotek). Medio mars 1943 satte Schmidt opp et P. M. Undertegnede gjorde endel randbemerkninger til dette, og et eget P. M. ble oppsatt (jnr. 1746/43 I. D. H. 7) — et kort utdrag av dette P. M. vedlegges (bilag 15).

Det har vært hevdet at min konsulentstilling var av politisk art, hvilket er feilaktig (se bilag 1). For å belyse de apotekerutnevnelser som fant sted under min tjenestetid i departementet, vedlegges en oversikt over disse (bilag 16). At kritikken mot min utnevneelse til Vinderen apotek var grunnløs, fremgår av bilag 17.

Tilslutt tillater jeg meg å vedlegge utdrag av Lov om drift av apotek (bilag 18).

Under henvisning til det ovenfor anførte tillater jeg meg høfligst å anmode den ærede Protokollkomité om å oppta saken til velvillig behandling.»

I tilleggsskriv den 12. oktober 1954 skriv klagaren vidare:

«Under henvisning til min anke 2. juli d. å. til den ærede protokollkomité tillater jeg meg herved å komme med følgende supplerende opplysninger:

Ad besettelsen av Hokksund apotek i statsråd 8. oktober d. å.

Til apoteket var der i alt 42 ansøkere, hvorav her skal nevnes de 5 eldste av ansiennitet:

1. Borch, Trygve V. 20	hovedkarakter	3
2. Andersen, Kr. Ludv. H. 20	»	3
3. Johansen, Rudolf . . V. 22	»	3
4. Møller, Asta V. 23	»	3
5. Paulssen, Eyv. St. H. 23	»	3

Nr. 5, Paulsen, ble befordret.

Det gjøres oppmerksom på at samtlige 3 første søkere tidligere var medlem av Nasjonal Samling.»

Saka har vore lagd fram for Sosialdepartementet, som den 29. oktober 1954 har svarta slik:

«Trygve Borch, fødd 11. august 1895 i Kristiansand tok apotekereksamen våren 1920 med «godt» i hovudkarakter. Han arbeidde deretter som provisor ved eit apotek i Kristiansand i 22 år. Til arbeidet hans som provisor er det ikkje noko serleg å merke. I 1929 søkte han Finansdepartementet om stønad til å få trykt ei «Oversikt over apotekvarer, droger, kjemikalier, eterer, eteriske og fete oljer, syrer — deres utseende, beskrivelse og tollbehandling», som han hadde utarbeidd saman med ein overtollkontrollør. I brevet til Finansdepartementet heldt forfattarane fram at «vi er villige til å overlate departementet vort verk vederlagsfritt på betingelse av at det blir trykt snarest, og mot at vi blir anført som verkets forfattere. Dette av hensyn til vor begges fremtidige avancement». Departementet svarta 7. april 1930 at «man efter innhentede uttalelser fra forskjellige tolltjenestemenn og efter en kursorisk gjennomgåelse av verket ikke finner, at dette med hensyn til utarbeidelse m. v. er således tilrettelagt for toll-etaten som departementet skulde anse ønskelig når det gjelder en håndbok av heromhandlede art.» 2 nye søknader i 1931 til Finansdepartementet vart også avslegne, og likeeins søknader til Medisinaldirektøren om tilskott frå Apotekavgiftsfondet til å få boka trykt.

I 1932 og 1939 søkte herr Borch stillinga som kontorsjef i Medisinaldirektoratets apotekkontor, i 1929 styrerstillinga ved Spesialitetskontrollen, i 1938 stilling som apotekvisitator og i 1939 styrarstillinga ved Rikshospitalets apotek. Han vart ikkje funnen kvalifisert for desse stillingane. I åra 1933—40 søkte Borch 12 apotek, av desse 2 Oslo-apotek, utan å nå opp på grunn av låg ansiennitet og/eller manglande kvalifikasjonar. Brev til statsrådar, Medisinaldirektøren, Rikshospitalets direktør o. fl. vitnar om stor sjølvtilitt og at han tykte han var miskjend og tilsidesett.

Den 29. oktober 1940 melde Borch seg inn i Nasjonal Samling og sto som medlem til krigen var slutt. I januar 1941 søkte Borch eit Oslo-apotek, og det var atter den tidlegare nemnde «Oversikt over apotekvarer» som skulle vise at han var kvalifisert til å bli Oslo-apotekar. Manuskriptet vart sendt til professoren i galenisk farmasi ved Universitetets farmasøytiske institutt. Professoren fann at den farmasøytiske del av verket bygde på forelda litteratur som elles var å finne i alle norske apotek. I mai 1942 fekk han løyve til å drive Spydeberg apotek, og i november s. å. vart han dessutan tilsett som «konsulent»

i Apotekkontoret. På ansiennitetslista over søkjarane til Spydeberg apotek sto Borch som nr. 19 av 25, og han var ikkje medteken på den faglege innstillingslista. Stillinga som konsulent var ikkje kunngjert ledig, men oppretta fordi partiet sakna ein tillitsmann i Apotekkontoret. Byråsjefen i Apotekkontoret visste ikkje om noko før Borch var tilsett. I Apotekkontoret tok han seg serleg av «personaltilhøve» og spørsmål som han meinte hadde samband med politikk. Ein viser elles til tiltalen mot han etter krigen som er sitert nedanfor. Då det var vanskeleg å kombinere stillingane som apotekar i Spydeberg og «konsulent» i Apotekkontoret, søkte han i februar 1943 Vinderen apotek, og fekk løyve til å drive dette apoteket i august s. å., i strid med det hevdvunne prinsipp at ein apotekar skal driva eit apotek i minst 5 år før han får eit nytt. Etter at det sidan desember 1941 berre var utnemnd apotekarar som var medlemmer av N. S. i dei tilfelle eit N. S.-medlem søkte, gjekk det hausten 1942 ut parole frå Heimefronten om ikkje å søkje apotek. Til Vinderen apotek melde det seg difor berre 10 søkjarar, og av desse hadde Borch lågast ansiennitet (jfr. vedlagte avskrift av ansiennitetslista, vedlegg 1). Apotekarar i Aker vart inntil samanslutninga med Oslo tilsett etter ansiennitetsprinsippet, og Borch kom ikkje med på den faglege innstillingslista. Det Borch skriv i klaga og vedlegg 17 om Vinderen apotek er difor misvisande.»

Den 8. juli 1947 avsa Akers herredsrett fylgjande dom som ikkje vart anka:

«Trygve Borch dømmes for forbrytelse mot landssviklovens § 3, jfr. § 2 nr. 1 og 4, jfr. strfl.s § 86 og 62 til tvangsarbeide i 3 — tre — år, hvori fragår 432 — firehundeogtoogtredve — dager for utholdt varetektsfengsel. Han fradømmes vidare for et tidsrom av 10 — ti år — de i landssviklovens § 10 nr. 1 og 2 nevnte rettigheter og for et tidsrom av 5 — fem år — den i nr. 5 nevnte rettighet.

Han frifinnes for tiltalens post 5 b og post 6.

I medhold av strfl.s § 36, jfr. l.s.v.l. § 14 dømmes han til å tåle inndragning til fordel for Erstatningsdirektoratet av kr. 20 000 — tyvetusen kroner.

Saksomkostninger pålegges ikke.»

Grunnlaget for tiltalen var:

1. Tiltalte har vært medlem av Nasjonal Samling fra 29. oktober 1940 til frigjøringen.
2. Han har under okkupasjonen vært støttende medlem av Germanske SS, Norge.
3. Som medlem av Kristiansand «byting» medvirket han 19. november 1941 til bevilgning av kr. 10 000 til Den norske legion.
4. I oktober 1942 anmeldte han til statspolitiet i Spydeberg at han hadde mottatt truselbrev. Saken ble overlatt det tyske sikkerhetspoliti i Fredrikstad. I anmeldelsen hadde Borch oppgitt en rekke personer som mistenkte.
5. Som konsulent i Apotekkontoret i Innenriksdepartementets helseavdeling fra november 1942 har han søkt å fremme Nasjonal Samlings partiinteresser, bl. a. således:

- a. Ved årsskiftet 1942/43 truet han apoteker fru Davidsen Skår, Kongsberg Apotek, med de alvorligste konsekvenser hvis hun ikke hengte opp påbudte N. S.-plakater. Hans trusler ble til slutt effektive ved at fru Skår ble fratatt retten til personlig å forestå driften av sitt apotek for bestemt tid. Hun ble senere også fengslet.
 - b. Han søkte å få apoteker Olaf Næss ved apoteket i Namdal og direktør Bull-Hegge i Apotekenes Fællesinnkjøp fjernet fra sin stilling på grunn av deres politiske holdning.
 - c. I juli 1943 anmeldte han direktør Bull-Hegge og provisorene Reidar Fossum og Erik Lund i A/S Apotekenes Fællesinnkjøp, til statspolitiet for sabotering av medisinalleveranser til apotek som bestyrtes av en N. S. provisor.
 - d. I februar 1944 anmeldte han Arne Ørving til statspolitiet for å ha holdt en tale delvis på engelsk i Norsk Farmaceutisk Selskab, og for å ha skrevet en uloyal artikkel i meddelelser fra Norsk Farmaceutisk Selskab. Ørving ble arrestert.
6. Han anmeldte i 1945 direktør Joh. Andresen til Statspolitiet for demonstrasjon mot seg som N. S. medlem.»

Fængselsstyret har opplyst at Trygve Borch vart slept fri på prøve den 12. juli 1948. Etter domen stod såleis tapet av retten til m. a. å drive apotek ved lag til 12 juli 1953, jfr. § 59 i landssviklova.

Om vilkåra for å få løyve til å drive apotek viser departementet til brev dagsett 18. mai 1954 til den vyrde protokollkomité, der det m. a. er sagt:

«Løyve til å drive apotek vert gjeven av Kongen, jfr. § 4 i lov om drift av apotek av 4. august 1909. For å få slikt løyve, må søkjaren etter § 5 i lova godtgjera at han har teke apotekareksamen, og at han deretter har gjort teneste på norsk apotek i 5 år. Det er til vanleg lett å avgjera om søkjaren stettar desse krava, og dei gjev lite rom for skyn frå administrasjonens si side.

Etter samme paragrafen skal søkjaren vidare leggja fram pålitande vitnemål om at han fører ein heiderleg vandel. Kravet om heiderleg vandel går etter forarbeida til lova ikkje berre ut på at søkjaren skal vera ærleg i pengesaker, men og på at han ikkje på annan vis syner låk åtferd, til dømes gjennom straffbare gjerningar, misbruk av rusdrykk og anna. Når det ligg føre sikre opplysningar om låk åtferd av noko slag, må ein ofte nytta skyn i avgjerla om søkjaren likevel kan segjast å ha heiderleg vandel. I grove tilfelle der søkjaren vantar heiderleg vandel, kan han etter lova ikkje få løyve til å driva apotek. Er tilfellet ikkje så grovt, kan det vera at han ikkje etter lova er utestengd frå å få apotek, men han kan verta sett attende i tevling med andre søkjarar.

Etter § 5 i apoteklova skal søkjaren og leggja fram vitnemål om at han er «vederheftig» (solvent), og at han kan skaffa midel til å overta og driva apotek. Om dette legg

søkjarane nær sagt i alle høve fram vitnemål som ein utan vidare kan godta.

I tillegg til dei krava som står i apoteklova, må søkjaren og nå opp i tevling med andre søkjarar, og det er ingen som har rettskrav på å få apotek sjølv om han formelt stettar krava i lova.

Ved tildeling av løyve til å driva apotek utanfor Oslo har til vanleg tenestaldere vore avgjerande. Den søkjaren som står øvst på tenestalderslista, vil difor stort sett vera han som får løyve til å driva apoteket, dersom det ikkje er noko å seia på vandelen hans. Dette vil likevel ikkje alltid vera tilfelle. Fleire tilhøve kan spela inn her. Det kan vera lengda av tenestetida, dugleiken, personlege forhold, helse osv., men det har helst vore små avvik frå tenestalderslista av slike grunnar. Store avvik frå denne regelen har ein til vanleg berre gjort når ein søkjar har synt låk åtferd som heilt stengjer han ute eller set han mykje attende.»

Departementet viser elles til det som er sagt i brevet om at Sosialdepartementet fylgjer dei retningslinene som vart dregne opp i O. I. nr. 4 for 1952, såleis om vurdering ut frå tilhøve i kvart einskilt tilfelle.

Hittil har dei fleste farmasøytiske kandidater kunna gjera rekning med i tur og orden å få løyve til å driva apotek, men på grunn av dei store eksamenskull i 1920-åra kan ein stor del av dei farmasøytiske kandidatane ikkje bli apotekarar, elles vil gjenomsnittsalderen ved første gangs løyve bli urimeleg høg. I brev frå Sosialdepartementet til dei farmasøytiske organisasjonane, dagsett 16. juli 1954, heiter det m. a.:

«Ved tildeling av apotekbevilling har departementet ved sin vurdering av søkerne til apotek utenfor Oslo hittil lagt avgjørende vekt på eksamensansiennitet med mindre særlige forhold har gjort seg gjeldende, som f. eks. lagvarig brudd i apotektjeneste.

Denne praksis med ensidig vekt på ansienniteten er ikke i samsvar med de retningslinjer som ellers følges ved tilsetning i overordnede stillinger i sivile etater, og departementet finner ikke grunn til å opprettholde en særordning for apoteketaten.

I tillegg til grunnutdannelsen og erfaring fra arbeid i apotek bør det også legges vekt på andre kvalifikasjoner som gjør søkeren best mulig skikket til å forestå driften av angjeldende apotek. Departementet vil derfor ved vurdering av søkerne ta hensyn til kvalifikasjoner som apotektjenestens art, arbeid ved farmasøytiske laboratorier, vitenskapelige institusjoner, administrativ erfaring m. v. Ved viderebefordring av apotekere vil det også bli lagt stor vekt på hvordan søkeren har drevet sitt apotek.»

Brevet ligg ved i avskrift — vedlegg 2.

«Dei apotekløyve can. pharm. Trygve Borch klager over, er avgjorde ved kongelige resolusjonar 4. februar 1954 (Sørumsand), 14. mai 1954 (Apoteket Ørnen i Gjøvik og Brandbu apotek) og 8. oktober 1954 (Hokksund apotek). Som det går fram av foredraget til dei

kongelege resolusjonane, har Helsedirektøren og departementet i alle desse sakene vurdert kvalifikasjonane til cand. pharm. Trygve Borch i tilhøve til kvalifikasjonane til dei andre søkjarane. Alle tilhøve tatt med i vurderinga, jfr. apoteklova, er departementet etter nøye granskning kome til at klagaren ikkje har kvalifikasjonar som ville gjera det rett å sette han framfor den som i det ein-skilde tilfelle har fått løyvet. Dette er og i samsvar med dei fråsegner det rådgevande utvalet har gitt til Helsedirektøren.

Til eit par punkt i klaga frå Borch vil ein opplyse: Unntak frå 60-årsgrensa for tildeling av løyve til å drive apotek er gjort i 1945/46 for personar som under krigen fylte 60 år og som då, på grunn av nasistiske overgrep, hadde vore forhindra frå å søkje ledige apotek. Borch skriv vidare at den som fekk Svaneapoteket i Kristiansand, ikkje sto på den offisielle søkjarlista i Norsk farmaceutisk tidsskrift. Til det er å merke at dei listene som står i tidsskriftet, og dei står under «forskjellig», ikkje under «offisielt», må redaksjonen ha ansvaret for. Feilen i søkjarlista for Svaneapoteket vart elles retta i eit seinare nummer.»

Nemnda vil uttale:

Som det går fram av klagen, nemner klagaren 6 apotek der han meiner at departementet urettvist har sett han utanfor ved tildelingane av apotekerløyve.

For 2 av dei apotek klagen gjeld, skil det 1 år i ansiennitet mellom klagaren og den som fekk løyvet, for 2 apotek skil det 2 år, og for 2 apotek 3 år. Mellom klagaren og dei som var innstilt som nr. 2 og 3, skil det frå 2 og opp til 5 år.

Av foredraga til dei kongelege resolusjonar som klagen gjeld går det fram at avgjerda i kvart enkelt tilfelle er bygd på ei samla vurdering av kvalifikasjonene til søkjarane.

Nemnda finn at det resultat som departementet etter denne samla vurderinga har kome fram til, ikkje er urimeleg. Nemnda legg her vekt på at klagaren, etter det som ligg føre, ikkje er betre kvalifisert enn dei som

fekk løyve. Det er til nemnda opplyst at alle dei løyve det her gjeld, er gjevne i samsvar med samrøystes tilrådingar frå det rådgevande utvalet.

Nemnda meiner at det ved tildeling av apotekløyve ikkje er rett einseitig å legge vekt på ansienniteten, og er samd i dei retningsliner Sosialdepartementet har drege opp i brevet sitt den 16. juli 1954 til dei farmasøytiske organisasjonane.

Nemnda legg også vekt på at klagaren ikkje er stengd ute frå yrket sitt, men har høve til å arbeide som provisor med etter måten gode lønsvilkår, og at dette arbeidet også gjev rett til pensjon på samme vilkår som apotekar. Klagaren har siden mai 1949 vore provisor ved Holmestrand apotek. Etter det nemnda har fått opplyst, er årsløna hans no ca. kr. 17 700 pr. år, plus moglege vaktgodtgjerdslar.

Etter nemnda si meining må det også leggst vekt på at det her gjeld løyve som gjer søkjararen til arbeidsgjevar for andre.

Nemnda syner også til at klagaren ved dom i Aker herredsrett den 8. juli 1947 er dømt for tilhøve som syner at han har forbrote seg i den stilling han hadde.

Med di nemnda syner til det som er sagt ovanfor, rår den Odelstinget til å gjera slikt

vedtak:

Klagen frå cand. pharm. Trygve Borch gjev ikkje høve til noko tiltak fra Odelstinget si side.

Oslo, i protokollnemnda, 12. november 1954.

K. Varmann,
formann.

Peter Kjeldseth Moe,
ordførar.

Knut J. Vik,
sekretær.

Besl. O. nr. 123.

(Jfr. besl. L. nr. 115).

Ar 1954 den 12. november holdtes Odelsting.

Da behandledes:

Lagtingets anmerkning til Odelstingets vedtak til lov om endring i lov av 25. juli 1913 om offentlig forevisning av kinematografbilleder.

Odelstinget besluttet:

Lagtingets anmerkning bifalles.

Alv Kjøs,
president.

E. Fredriksfryd,
sekretær.